



Arkivnr: 2014/12509-2

Saksbehandlar: Inger Marken

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|------------------------|--------|------------|
| Administrasjonsutvalet | | 03.06.2014 |
| Fylkesutvalet | | 11.06.2014 |

Godtgjersle til elektroniske kommunikasjonstenester

Samandrag

Fylkesråmannen har utarbeidd nytt reglement om godtgjersle til elektroniske kommunikasjonstenester. Tidlegare har fylkeskommunen hatt reglement om godtgjersle til teletenester frå 2006, dette var følgt opp med administrativt fastsette satsar for bruk av teletenester.

Fylkeskommunen har inngått ny rammeavtale med leverandør av teletenester, noko som m.a. har medført at kostnadene ved bruk av teletenester er blitt vesentleg reduserte.

Formålet med reglementet er å gi reglar i samband med at arbeidstakar må ha elektroniske kommunikasjonstenester (EK-tenester) som hjelpemiddel av omsyn til tenesta/funksjonen.

Hovudreglane i reglementet er at arbeidsgivarfinansiert telefon skal til ei kvar tid følgje innkjøpsavtalen til Hordaland fylkeskommune, og arbeidsgivar skal syte for at arbeidstakar har nødvendig verktøy. Godtgjersle for mobiltelefon kan bli gitt med inntil kr 500,- pr. månad. I særskilte tilfelle kan arbeidsgivar gi stønad til bruk av privat mobiltelefon med inntil kr 250,- pr. månad. Dette er i staden for ein arbeidsgivarfinansiert telefon. Forbruk utover avtalt beløp med arbeidsgivar skal dekkjast av arbeidstakar.

Forslag til innstilling

Reglement om Godtgjersle til elektroniske kommunikasjonstenester blir vedteken slik det ligg føre i vedlegg til saka.

Johnny Stiansen
Fung. fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 26.05.2014

Fylkesrådmannen har utarbeidd nytt reglement om godtgjersle til elektroniske kommunikasjonstenester.

Historikk

Tidlegare har fylkeskommunen hatt reglement om godtgjersle til teletenester, frå 2006, som sa at ein skulle følgje staten sine til ei kvar tid gjeldande satsar. Kort tid etter at reglementet vart vedtatt tok staten vekk gjeldande satsar på området og det var det enkelte fagdepartement som fastsette øvre beløpsgrense for dekning av elektronisk kommunikasjon. Fylkeskommunen valde då å følgje opp sitt reglementet med administrativt fastsette satsar for bruk av teletenester (august 2006).

Stasane i august 2006 var som følgjer:

Inntil kr. 750,- pr. månad for mobiltelefon.

Inntil kr. 250,- pr. månad for fasttelefon.

Dersom arbeidsgjevar finn det meir tenleg å dekkje ISDN-abonnement i staden for ordinært abonnement på telefon i heimen, kjem meirkostnadene til ISDN-abonnementet i tillegg til standardbeløpet på inntil kr. 250,- pr. månad.

Inntil kr. 600,- pr. månad for breiband.

Inntil kr. 800,- pr. månad for breiband m/IP-telefoni.

(Det blir ikkje gitt godtgjersle for både fasttelefon og IP-telefoni)

Bruk utover fastsett øvre grense kan dekkjast etter ei særskilt vurdering.

Om nytt reglement

Fylkeskommunen har inngått ny rammeavtale med leverandør av teletenester, noko som m.a. har medført at kostnadene ved bruk av teletenester er blitt vesentleg reduserte.

Formålet med det nye reglementet er å gi reglar i samband med at arbeidstakar må ha elektroniske kommunikasjonstenester (EK-tenester) som hjelpemiddel av omsyn til tenesta/funksjonen.

Hovudreglane i reglementet er at arbeidsgivarfinansiert telefon skal til ei kvar tid følgje innkjøpsavtalen til Hordaland fylkeskommune, og at arbeidsgivar skal syte for at arbeidstakar har nødvendig verktøy.

Det skal ikkje bli gitt godtgjersle for privat fasttelefon, eller breiband med IP-telefoni dersom det er gitt arbeidsgivarfinansiert mobiltelefon.

Som hovudregel kan ein ikkje nytte arbeidsgivarfinansiert telefon til innhaldstenester. Arbeidstakar må sjølv gå gjennom forbruket sitt kvar månad og rapportere trekk i løn på bruk ut over gjeldande sats og/eller kjøp av innhaldstenester.

Når arbeidstakar sluttar eller ikkje lenger fyller vilkåra for tilstått ei eller fleire EK-tenester skal godtgjersla opphøyre. Ved samanhengande fråvær utover 3 månader skal ordninga med arbeidsgivarfinansiert/e EK-tenester opphøye og utlevert utstyr skal leverast tilbake til arbeidsgivar.

Nye økonomiske rammer

| | |
|----------------------|----------------------------------|
| Mobiltelefon: | Inntil kr 500,- pr. månad |
|----------------------|----------------------------------|

Dersom arbeidstakar i samband med tenesta/funksjonen, har bruk for fasttelefon, breiband eller breiband med IP-telefoni i heimen, kan arbeidstakar få godtgjersle for dette etter følgjande satsar:

| | |
|---------------------|----------------------------------|
| Fasttelefon: | Inntil kr 200,- pr. månad |
|---------------------|----------------------------------|

| | |
|------------------|----------------------------------|
| Breiband: | Inntil kr 500,- pr. månad |
|------------------|----------------------------------|

| | |
|-----------------------------------|----------------------------------|
| Breiband med IP- telefoni: | Inntil kr 600,- pr. månad |
|-----------------------------------|----------------------------------|

I særskilte tilfelle kan arbeidsgivar, av omsyn til tenesta, gi stønad til bruk av privat mobiltelefon. Stønaden kan bli gitt som eit tillegg i løn på inntil **kr 250,- pr. månad**. Dette er i staden for ein arbeidsgivarfinansiert mobiltelefon.

Drøfting med tillitsvalde

Saka var drøfta med hovudtillitsvalde i møte 26. mai 2014. Det var ikkje merknader til reglementet.

Konklusjon

Fylkesrådmannen konkluderer med at det nye reglementet blir vedteken og gjort gjeldande frå 1. august 2014. Arbeidstakarar som i dag har arbeidsgivarfinansierte EK-tenester må sjå til at desse følgjer gjeldande rammeavtale og nytt reglement for fylkeskommunen frå 1. august 2014.

I samband med at det er utarbeidd nytt reglement er det også utarbeidd eit gjennomføringsdokument som viser korleis reglementet skal følgjast opp i praksis. Gjennomføringsdokumentet gir også noko informasjon om gjeldande skattereglar på området.

Reglement og gjennomføringsdokument er lagt ved som vedlegg til saka.